

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 21/23. Småviltjakta 2023 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Saksopplysning/vurdering

I statsallmenningen har det i fleire år vore jaktstart for småviltjakta 25. september, slutt på rypejakta til jul, og harejakt fram til utgangen av februar. I ei rekkje år før dette hadde ein jaktstart 1. oktober. Grunnen til litt tidlegare jaktstart dei siste åra, var erfaringar med mykje nysnø i byrjinga av oktober, som kunne føra til at jegerar som hadde kjøpt jaktkort ikkje kom seg på jakt. Det kan skje i september òg, men vanlegvis er sjansane litt mindre då for at dette skjer. Alle opplysningar om kortsal og jaktuttak dei siste 8-9 åra finn ein i årsmeldinga for 2022. Etter eit særskild dårleg produksjonsår for rype i fjor, er me truleg no på det stadiet i syklusen der me kan rekna med eit rypeår kring middels, dersom tilhøva under og etter klekking vert gode. Talet på jaktkort som har vorte selde til utanbygds jegerar har vore nokså uendra dei to siste åra; 90-100 kort, fordelt på 1-, 2-, 3-dagarskort, vekekort og sesongkort. I fjor vart 25 av desse korta selde gjennom Steinbergdalshytta etter avtale med innehavaren, resten (75 kort) vart selde gjennom Inatur, med opning for nettsal 1. september kl. 12.00. Det låg ein føresetnad i saksutgreiinga for den saka at salet på hytta ikkje skulle gå ut over talet på kort som vert lagt ut til ålmenta gjennom Inatur.no. Fjellstyrekontoret sel lokalt kort til innanbygdsbuande jegerar. Desse kan teljast på ei hand.

Nokre år har fjellstyret gjort vedtak om jakttid og dagskvote før sommaren, og venta med å gjera endeleg vedtak om tal jaktkort som skal leggjast ut for sal til eit møte i august, etter at ein gjennom observasjonar frå oppsyn m.fl. har fått gjort seg opp ei meining om korleis sommaren har vore m.ot. kjuklingproduksjon. Eg vil føreslå at fjellstyret i år tek med talet på jaktkort i vedtaket sitt, og eventuelt gjer ei ny vurdering av dette i august, dersom det skulle syna seg å vera naudsynt - t.d. ved ekstremt få registrerte kull. Eg meiner jakttida kan vera som det har vore dei siste åra; jaktstart 25. september, og at fjellstyret vedtek ein dagskvote på 2 ryper per jeger.

Fjellstyret sette i sak 40/20 av inntil 10 todagars kort til deltakarane i NJFF Sogn og Fjordane sitt rypejakkurs for jenter. Frå kontaktperson frå NJFF vart det etter kurset i fjor haust uttrykt ynske om å koma att med noko liknande i år, noko fjellstyret har sagt er greitt. Det er kome signal om at det vert sett tak på 12 deltakarar i år. Kva det reelle talet på deltakarar vert, avheng av påmeldinga. Eg vil føreslå at desse korta kjem i tillegg til det talet på kort som no vert vedteke lagt ut for sal.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 22/23, side 2.

Erfaringane med sal av jaktkort gjennom Inatur syner at kortsalet skjer dei første par dagane etter at salet er opna, og at mykje av jakta føregår den første veka. Når ein kjem til oktober, medan det framleis kan vera dagar med fine forhold i fjellet, er aktiviteten for det meste over, sidan det ikkje lenger er kort å få tak i på Inatur. Eg meiner fjellstyret bør leggja ut att nokre jaktkort for sal frå t.d. 1. oktober, for å gje eit tilbod til jegerar som ynskjer å nytta denne tida i fjellet.

Framlegg til vedtak:

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2022/2023 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar gjennom Inatur.no med salsopning 1. september kl. 12.00 vert sett til 75, fordelt slik:
 - 20 dagskort
 - 20 todagarskort
 - 15 tredagarskort
 - 10 vekekort
 - 10 sesongkort
 - 25 kort til Steinberdalshytta (5 dagskort, 10 2-dg. og 10 3-dg.)
 - I tillegg vert det lagt ut 10 dagskort på Inatur med salsopning 1. oktober.

I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av dagskvote per jeger og kor mange jaktkort som skal seljast.

Fjellstyrekontoret, den 12.6.23

Harald Skjerdal